Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Heskestad

Emne: 10. Lynging og mosing Bygdelag:

Oppskr. av: B. Flom Gard:

(adresse): Heskestad G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A.

1. Nei det vert ikkji sanka lyng no her i bygda. For lang tid tilbake er det truleg at lynging var årvisst for, men så vart det til naudfor i uår i vår-knipa. Det vart ikkji sanka lyng under siste verdenskrig. Omlag mellom 40-50 år sidan det tok slutt med lyngsanking.

2. Lyngen vart helst sanka om våren straks etter at snøen var faren. Det hende kanskje og haustdags. Arbeidet vart kalla lyngslått.

3. Lyngen vart slegen med vanleg langorv

4. Mannfolka slo, og kvinnfolka raka saman.

5. Det vanlege var tredje kvart år. Eldre lyng vart stivare

6. Køyrd heim der det var høve å koma med hest, elles boren i børar

7. På loven.

8. Kyr og sauer. Lyngen vart gjeven krøtera utan å verta småhakka. Ei ku vart gjeven så mykje lyng som ein vanleg høygjev.

9. Ja. Ein mann som slo fin, stutt

8437

lyng sa: „Dette er så godt som korn".

B. 1, 2, 3. Sauene vert heile vinteren drivne på lyngbeite så sant det er framkomleg for snö. Ein kjenner ikkje til at snöen vart sopt vekk frå lyngbeita. Mange av desse ligg slik at vinden feiar snöen vekk.

4. Ja.

Mosing er ukjent i Heskestad då her ikkje er formose.

4/12-1953.

8437

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING